

eldste murrester ble tildekket og endel sikre holdepunkter markert med nye lave murer. Men arbeidet måtte som nevnt innstilles, da tyskerne skulle ha Sverresborg som standplass for antiluftskyts.

Den døde i brønnen fikk etter fred i sin uvanlige grav, og arbeidet med borgens ruiner er ennå (1956) ikke gjenopptatt.

Slik ligger da Sverresborg fremdeles halvt skjult i historiens mørke og venter på den dag da noen vil fortsette det viktige arbeide å bringe mere lys over et av vår histories interessanteste minnesmerker — Norges første kongeborg.

Kilder:

Gerhard Fischer: Norske kongeborger. (1951)

O. A. Øverland: Illustrert Norges Historie. Folkeutgaven 1889.

LAUST OG FAST KRING SKARDALEN I OPPDAL

UNGKARAR I SKARET VINKA ÅT SEG
SETERJENTENE I MINNILDALEN

Av I. O. R.

Skardalen er ein del av Nerskogsdalføret. Oppdalingerane kallar han Skardalen heilt til bygdegrensa, som går tvert over dalen, frå Eldåskar til Sørøy-var. Rennbyggene har frå gamal tid kalla han Nerskogen heilt til Skaret.

Grøna kjem frå Grøntjonna i Oppdal. Oppdalingerane kallar ho med sitt rette namn Grøna, men rennbyggene kallar ho Grana. Her har rennbyggene teki i bruk a i staden for ø. På Grønøyanne finn ein små grønne steinar som er fine til «hustarmunkar». I dei djupe hølane i Grøna står storauren og ventar på den tolmodige fiskaren.

Skardalen har på nordvestsida reinskárne, slakke dalsider. Der ligg Gregosen som har vori det beste slåtteng i Skardalen.

I eit skriv om grensa frå 1504 er Gregossletta nemnt som grense mellom Rennebu og Oppdal.

På søraustsida av Skardalen er dalsidene meir uregelrett, med fleire bratte dalsider. Her er djup, god jord med gode grasgangar. Her ligg Skugglisetrene, som har fått dette namnet av di dei ligg på skuggesida av dalen over 900 m. o. h. Der er det fire setrer, og to av desse har før 1890 høyrd til Herrem i Rennebu, men ved ein

underrettsdom vart dei fråteki retten til å «hamna» med sine kyr i Skugglia.

På framsida av høylåven står ein framfor eit svært gammalt hus. Køyrekjellen har gamle dører som er samansatt med pinnar. Tømmeret er hoggi med øks, og novene er slitt av ver og vind, så dei har sikkert stått der mang ein uversdag. Det merkelege med desse gamle tømmerveggene er dei mange hol i stokkane.

1.	kverv	6	hol
2.	»	2	»
3.	»	11	»
4.	»	2	»
5.	»	25	»

Her står ein framfor ei gåte kva desse hol har vori bruaka til. Eg snakka med Hilmar Stigum, medarbeidar i Norsk Etnologisk Gransking, om desse hol i gamle hus. Han trudde kanskje at desse hola har vori bruaka til å renna vev på, men det er helt utenkjelleg at slikt kunne ha gått for seg i Skardalen.

Når ein les Svale Solheims bok om Norsk Sætertradisjon, om all gamal overtru som har vori på setrene, må ein mest tro at desse hol i gamle vegger var for at det vonde skulle ut av huset og det gode inn.

Sjølve namnet Eldålia tyder på at det har samband med den grå oldtid, då det var så mykke overtru. Då veidemannen sat ved desse dyregraver og tilbad elden som sin gud som skulle gjeva dei seier over dei ville dyra.

For omlag 130 år sidan var det ei kvinne frå Oppdal som leide Skaugesetra av Pål Rokkones. Ho heitte Geit-Maren og låg med mange geiter om sumaren på setra. Geit-Maren var som dei andre den tida, svært overtroisk. Ho skar korsar i geithorna og stakk små stålbitar i hol og andre stader der ho trudde dei underjordiske kunne koma.

Pål låg også på setra med sauene om sumaren, og det vart ei samdrift med sau og geit. Om hausten etter Maren hadde reist til Oppdal, meinte folk at Pål rett som det var tok seg ein tur over Skaret til Oppdal.

I jula spente Pål for hesten og køyrdet til Oppdal, for no skulle det endeleg verta ei avgjerd med Maren. Men då han kom opp på Oppdalsmyrene, vende han om, for han tykte at det snoa så kaldt. Pål vart ungkar all sin dag, og det vart slutt med fellesdrifta på Skaugesetra.

Giftemål mellom desse to bygder har fylgd stor og lita drift på Nerskogen og Skardalen. Før år 1800 var det lita drift på Nerskogen og Skardalen. Eg veit ikkje om fleire enn Arnt Olsen Rokkones og hans bror Sjur Rokkones, som omkring 1790 tok vegen over skaret til Oppdal og vart gift med kvar si enkje på Vognill. Det tok mest eit halvt hundre år før Tor Rokkones våga seg over Skaret og vart gift til Grøtte, og Lars Rokkones som vart gift til Vognill. Men no hadde også stordrifta teki til på Nerskogen og Skardalen. Rauellette setertauser på kvar seter, som berre gjekk i giftar-tankar. Spreke onnatauser som var komi til Nerskogen og Skaret for å prøva den siste sjansen. Oppdalsgutane gjekk berre opp på Skaret og vinka, så kom dei kjekke rennbygg-gjentene, og dermed var det fyrste skritt teki. Men det kom andre tider på ekteskapsmarknaden då markaenga vart nedlagt, og det var ikkje lenger nokon romantikk å vera seteraus, og det såg ut som om ingen lenger ville gå Skarsvegen for å finna den rette.

Men det er sagt at kjærleikens vegar er mange. Rennbygg-gjentene stod ikkje rádlaus. Dei tok sykkelen og reiste på riksveg 50 til Oppdal og vart gift.

Men etter er det komi betre tider på ekteskapsmarknaden over Skaret. Dei gamle slåtteng på Nerskogen og Skardalen, der far og bestefar har streva og sliti så mang ein dag, er teki i bruk av den heimlause som vil rydda og bygja seg ein heim i villmarka. Og etterkomrarar av desse har synt at Skarvegen med sine tusen meter over havet enno er brukbar.

Skardalen er omlag ti tusen mål, og har ein sidedal Minnildalen. Det er ein flat dal. Attfor han, på nordvestsida, står Svarhetta, som høver lite til sitt namn sett frå Nerskogssia. Renbyggene kallar

For ein seksti-sytti år sidan stod sauehusa på fire hjul i Minnilparti. Mellom Skardalen og Minnildalen står Grønhøa som ein vaktar over Minnildalen. Og Minnildalen endar i sørvest i Glupa.

Minnildalen har frå gammalt vori kjend som eit serleg godt rype-terring, der rypene gjekk i snarene i så store mengder at det har vori køyrd ryper i lassvis frå fangstfeltet.

Det har vori fire rennbyggsetrer i Minnildalen som er seld til Oppdal og no nedlagt.

For ein seksti-sytti år sidan stod sauebusa på fire hjul i Minnildalen. Dei måtte flyttjast kvar fjortande dag. Då samlast alle setertausene med kvar sin staur for å letta under sauehuset.

Ei av setertausene skulle vera flink til å syngja steinsongen, og ho song så det ljoma over heile Minnildalen, og då vart det takt i setertausene som på eit dansegolv.

Omkring 1890 kom reinane og finnane til Munnildalen. Reinane trødde ned snare-gardene for fangstmennene og gjorde ugagn på mange måtar. Og den eller så stille dalen vart omskapt til eit yrande liv. Det kom finnar frå alle kantar av landet. Dei drakk og sloss, og det vart ikkje lengre noko fredsamt rike i Minnildalen. Setereigarane sto også på krigsfot med finnane og ville gjerne verta fri dei. Finnborn kom til verda i kojene deira ved Høghøa og ute på fjellvidda. Og det såg ut til at det i framtida ville verta berre finnar og reinar i Minnildalen til stor ulempe for setereigarane.

Men no grep heradstyra i Rennebu og Oppdal inn, og fekk med lov forbodi å hamna med rein i desse bygder.

No reiste finnane med reinane og vart borte i mange år.



NÅ VET DE AT — — —

fra en gammel trønder, ing. Brønner, refererer vi hva han skriver til en venn i byen vår.

«Trondhjems Turistforening har vært så elskverdig å sende mig sin årbok, med — o, så forførende bildeleder av fjell og hei, så en gammel fjelltraver blir helt betagen og syk av lengsel etter disse naturens underskjønne og fengslende trakter. Og med ett velter de over en disse minner fra turer i Trollheimen, minner fra ett relativt snaut tidsrum, men som likevel synes så rike og vidt omspennende. Minner om slit oppover bakker og nedover bakker, om tåke og regn og væte, men aller helst om solskin og stor-slagne utsyn — og fremfor alt solskinshumør og flir og spetakkel. Da er det at den store lengsel etter fjellet besetter en bylivets hverdagstrell, som er opptatt av arbeide, arbeide, bygater, grå husvegger — som blir duknakket i skikkelsen og alvorspreget i fjeset, som glemmer å flire og se med undrende øine på fjellets flora og fauna, på mogop, isranunkel og ikke å forglemme bekkesildre.

Kan De skjønne, De Dahl — ja, er det ikke De som står på butikken til Dahl? — kan De skjønne hvordan T.T. har peiling på en så sjeldan gjest som mig? Ja, i alle fall — som min representant i min fødeby må De hilse og takke rette vedkommende og si at jeg har beundret bildeleder og lest halve boka og gledd meg stort over alt og sagt at: til sommeren må vi gå i fjellet igjen! For som det står i artikkelen til'n Reidar: det er intet som kan gjøre